



## Hordaland fylkesting

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2017001367-10 Saksh: Arkivkode  
Journalpostid: 2017015922 Telefon: 53 65 40 23 F82, &00

Dato:  
29.09.2017

## Namneval - Vidaregåande skule i Kvam

Kommunestyret i Odda har merka seg sak om namn på vidaregåande skule i Kvam ved samanslåing av Norheimsund og Øystese.

Kommunestyret er glad for konklusjonen i underutval og fylkesutval. Og ventar same konklusjon i Fylkestinget.

Framlegg om Hardanger Vidaregåande skule ser vi som uaktuelt.

Det er fire vidaregåande skular i Hardanger. Odda, Norheimsund, Øystese og Hjeltnes (Ulvik) vidaregåande skule.

I Hordaland er det tradisjon for å velgja lokale namn på dei vidaregåande skulane kringom. Ofte òg kommunenamnet der skulen er.

Hardangernamnet speglar ein heil region beståande av sju kommunar. Geografisk sett er Hardanger og den største regionen i Hordaland.

Hardangernamnet har sterkt identitets og symbolfunksjon. Det vert nytta i ulike høve.

Det var eitt sterkt symbol i nasjonalromantikken som gjekk inn i nasjonsbygginga. Og det står sterkt i dag. Mellom anna er det eitt sterkt reiselivsnamn.

Namnet skal brukast med kløkt og respekt. Det er alle Hardangerkommunane sitt namn på sin region. Vidare vert det nytta på ulike institusjonar. Hardangerbadet, Hardanger fjordhotell, Hardanger Hotell osb. Hardangernamnet var mellom anna spelt inn som namn på kommunesamanslåinga Ullensvang, Odda, Jondal, som t.d. Indre Hardanger/Hardanger. Av omsyn til og respekt for dei andre kommunane i regionen vart dette framlegget lagt bort tidleg i prosessen.

Når fylkeskommunen skal velga namn på sine institusjonar må ein visa klokskap, respekt og logikk. Norheimsund/Øystese, eller Kvam vidaregåande skule dekkar naturleg ein del av Hardanger. Ikkje heile, ikkje halve, men ein del av Hardanger i praksis.

### Eit levande kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51 Opheimsgata 31	Org.nr: Bankgiro: Innbetalings skatt:	964 967 814 3201.50.24584 6345.06.12288	Telefon: Telefaks: Epost:	53 65 40 00 53 65 40 51 <a href="mailto:epost@odda.kommune.no">epost@odda.kommune.no</a>
5750 ODDA				

Å ta dette namnet på ein av dei vidaregåande skulane i Hardanger vil vera missvisande og ueheldig for framtida. Det vil vera eitt vidare omgrep enn det som er verkeleg situasjon. I praksis vil det skapa eitt inntrykk av at Hardanger Vidaregåande skule dekkar heile Hardanger og har ei sterkare rolle enn t.d. Odda vidaregåande skule. Vi har allereie sett dette på næringshagane. Næringshagen i Odda og Hardanger næringshage i Kvam. Sentralt i fylkeskommunen får vi høyra; "den næringshagen dere har der inne i Hardanger." Noko som er særstakt ueheldig og skaper inntrykk av at den eine dekker meir enn den andre. Næringshagen i Odda var etablert for lang tid sidan og har større omfang, men ser brått mindre viktig ut i sentrale strok fordi det har kome ein næringshage og teke Hardangernamnet.

Slik vil det også bli innanfor den vidaregåande opplæringa. Vi ser det som ein tilsnikelse å nytta Hardangernamnet i dette høvet. Og for mange sterkt provoserande. Det er heilt naturleg å nytta Kvam som namn om ein ønsker det.

Vi er også redd at det vil ha konsekvensar i framtida. Då det kan bli lagt meir vekt på omsynet til eitt namn som peikar på heile regionen, framfor t.d. Odda vidaregåande skule i samband med prioritering.

Vi vil sterkt oppmoda fylkeskommunen om ikkje bruka Hardangernamnet i denne saka

Venleg helsing

Roald Aga Haug  
ordførar

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Roald Aga Haug". It is written in a cursive style with a large, sweeping flourish at the end.